

DAGSORDEN

Styringsgruppa for Miljøløftet

Stad: Vestlandshuset, møterom Folgefonna

Dato: 5. november 2024

Klokkeslett: 09:00-12:00

Saksbehandlar: Anders Kjetland

Dato: 29. oktober 2024

Saksliste byvekstavtalen

- Sak 60/24 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 61/24 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 04.10.2024
- Sak 62/24 Økonomirapportering per 2. tertial 2024
- Sak 63/24 Innspel til statsbudsjett og realistisk budsjettering
- Sak 64/24 Praksis rundt belønningsmidlar
- Sak 65/24 Forslag til statsbudsjett 2025 – oppsummering av omtale aktuelt for Miljøløftet
- Sak 66/24 Mandat for byutredning 2025
- Sak 67/24 Budsjettforslag kollektiv
- Sak 68/24 Nye parkeringsplassar og reduksjon i bysykkelordning, Bergen kommune
- Sak 69/24 Møtedatoar våren 2025
- Sak 70/24 Eventuelt: Byvekstavtalen

Saksliste bypakke Bergen

- Sak 71/24 Ordinær prisjustering av takstane
- Sak 72/24 Trafikk og inntekt (utsett frå sist møte)
- Sak 73/24 Eventuelt: Bypakke Bergen

Saksliste byvekstavtalen

Sak 60/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak: Innkalling og saksliste er godkjend.

Sak 61/24 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 04.10.2024

Sjå vedlegg 1

Forslag til vedtak: Vedlagt referat er godkjent.

Sak 62/24 Økonomirapportering per 2. tertial 2024

Sjå vedlegg 2

Økonomirapporten per 2. tertial er klar. Rapporten blir lagt fram i møtet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 63/24 Innspel til statsbudsjett og realistisk budsjettering

Sjå vedlegg 3

Statens vegvesen har dei seinare åra opplevd at betydelege tildelte midlar gjennom byvekstavtalane ikkje har blitt brukt i det enkelte budsjettåret. SVV har hausten 2024 ein gjennomgang med dei enkelte byområda om korleis ein kan jobbe for å få meir realistisk budsjettering. SVV presenterer fasene med innspel til statsbudsjettet og orienterer om sine forventningar til handlingsprogrammet som grunnlag for innspel til statsbudsjettet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 64/24 Praksis rundt belønningsmidlar

Nokre kommunar har opparbeidd seg fond i kommunen grunna forseinkingar i prosjekt som det allereie har blitt utbetalt belønningsmidlar til. Praksis fram til no har vore at fylkeskommunen betalar ut belønningsmidlar årleg ihh. til handlingsprogrammet, uavhengig av kva kommunane har ståande på eige fond.

Dette kan gi ei oppbygging av fond over tid, noko som er i strid med ei forventning frå statleg hald om at belønningsmidlar skal brukast det året dei blir utbetalt.

For å motverke dette, vil ein diskutere å innføre ein praksis der kommunane må bruke midlar ståande på eige fond før nye belønningsmidlar vert utbetalt frå fylkeskommunen.

Forslag til vedtak: Kommunane må bruke midlar ståande på eige fond før nye belønningsmidlar vert utbetalt frå fylkeskommunen.

Sak 65 /24 Forslag til statsbudsjett 2025 – oppsummering av omtale aktuelt for Miljøloftet

Sjå vedlegg 4

7. oktober 2024 la regjeringa fram sitt forslag til statsbudsjett 2025. Statsbudsjettet skal til endeleg vedtak i Stortinget i desember, og det kan skje endringar før vedtak. I vedlegg 4 oppsummerer sekretariatet omtale og prioriteringar frå budsjettforslaget som påverkar Miljøloftet. Forslaget blir sett mot vedteke handlingsprogram 2025-2028, år 2025.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 66/24 Mandat for byutredning 2025

Sjå vedlegg 5 og 5a

Nasjonal transportplan 2025-2036 beskriv at det skal gjennomførast byutgreiingar i dei fire største byane som har byvekstavtale. Det skal vere faglege utgreiingar, som skal liggje til grunn for reforhandling av byvekstavtalane.

Statens vegvesen fekk oppdraget om å gjennomføre byutgreiingar frå Samferdselsdepartementet i juni 2024.

Det har vore orientert om oppdraget i styringsgruppa for Miljøloftet i møtet 4.oktober. I slutten av juni distribuerte Statens vegvesen informasjon om oppdraget til partane via Miljøloftets sekretariat. I informasjonsmøtet 9. september 2024 har fylkeskommunen og kommunane fått høve til å gi innspel til prosjektplan for arbeidet. Innspel som er motteke er i stor grad vareteke. Statens vegvesen har sendt over forslag til prosjektplan til Samferdselsdepartementet. Mandatet kan bli justert som følgje av Samferdselsdepartementets svar på Statens vegvesens forslag til prosjektplan. Basert på prosjektplanen er det vidare utarbeidd eit forslag til mandat.

Mandatet blir lagt fram for partane i byvekstavtalen for Bergensområdet for drøfting og innspel. Statens vegvesen vil vurdere innspela og om dei ligg innanfor rammene til oppdraget. Statens vegvesen vil vedta endeleg mandat for Byutredning 2025 for Bergensområdet. Mandatet ligg i sin heilskap som vedlegg (vedlegg 5a).

Forslag til vedtak:

- 1. Styringsgruppa sluttar seg til forslaget til mandat for Byutredning 2025 for Bergensområdet.*
- 2. Statens vegvesen vil leie bereknings- og analysearbeidet. Partane i byvekstavtalen vil bli inviterte inn i den lokale gruppa for arbeidet. Det er forventa at alle partane i byvekstavtalen bidreg med nødvendig datagrunnlag og ressursar til arbeidet. Det blir spesielt foresett at kommunane deltek aktivt i arbeidet med arealdataverktøyet.*

Sak 67/24 Budsjettforslag kollektiv

Vestland fylkeskommune har lagt fram budsjett for kollektivtrafikk for 2025. Det har kome ønske om ei orientering i styringsgruppemøtet, der ein kan drøfte og gje uttale til budsjettet. Vestland fylkeskommune vil legge fram budsjettet i møtet. Prioriteringsrådet vart også orientert i møte 25. oktober.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til drøfting.

Sak 68/24 Nye parkeringsplassar og reduksjon i bysykkelordning, Bergen kommune

På bakgrunn av to planlagte tiltak i Bergen kommune har Statens vegvesen bedt om ei orientering om tiltaka og kva effekt dei kan ha for nullvekstmålet. Det eine tiltaket gjeld ei reetablering av parkeringsplassar, mellom anna i Bergen sentrum. Det andre gjeld ein reduksjon av bysyklar, både gjennom at ordninga forsvinn i Fyllingsdalen, og at talet på bysyklar i vintersesongen blir redusert. Det har blitt uttrykt bekymring, mellom anna i sist møte i prioriteringsrådet, for kva effekt denne typen tiltak vil gi for måla om nullvekst i biltrafikk og høgare sykkelandel. Bergen kommune vil orientere om tiltaka, og mogleg effekt i eit Miljøløftet-perspektiv.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til drøfting.

Sak 69/24 Møtedatoar våren 2025

Det er behov for å fastsetje møtedatoar for våren. Ikkje alle politiske kalenderar er oppdaterte, men ut frå dei avklaringar sekretariatet har fått til no peikar følgande datoar seg ut:

7. februar

14. mars

25. april

13. juni

Tidsrom er i utgangspunktet 09.00-12.00. Vi ber om at partane ser over og melder tilbake om det er datoar som ikkje passar. Kom gjerne i så fall også med innspel til alternative datoar i tilgrensande tidsrom. Tilbakemelding kan sendast til anders.kjetland@vegvesen.no innan fredag 8. november.

Det blir og arbeid med ein dato for møtet i politisk styringsgruppe, som det vil vere naturleg å legge i tilknytning til ein av møtedatoane over.

Sak 70/24 Eventuelt byvekstavtalen

Saksliste bypakke Bergen

Sak 71/24 Ordinær prisjustering av takstane

Sjå vedlegg 6 og 6a

Gjennom vedtak i sak 69/18 gav styringsgruppa i Miljøløftet Ferde fullmakt til å søke om å justere bompengetakstane når: *«prisøkning i forhold til konsumprisindeks er oppnådd, og når denne utgjør en hel krone på ordinær takst. Styringsgruppen får sak om prisjustering til orientering.»*

Ferde har sendt søknad til Vegdirektoratet om å prisjustere bompengetakstane i Bypakke Bergen i takt med prisveksten siste år (3,0 prosent) frå 1. januar 2025.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek søknaden om prisjustering av takstane til orientering.

Sak 72/24 Trafikk og inntekt (utsett frå sist møte)

Sjå vedlegg 7

Utviklinga av fordeling av køyretøy og bompengeinntektene i Bypakke Bergen blir presentert for styringsgruppa for bypakke Bergen jamleg. Trafikkutviklinga bør sjåast i samanheng med anna trafikkovervaking, så som byindeksen og utvikling i bruk av kollektiv. Trafikk og inntekt i bypakke Bergen blir derfor presentert for Miljøløftets styringsgruppe, som del av eit grunnlag for å følgje med på måloppnåing.

Vestland fylkeskommune presenterer oppdaterte tal i møtet.

Temaet om justering av takstane i bypakke Bergen har vore oppe i styringsgruppa fleire gonger det siste året, seinast i møte 4, sak 44/24 der følgande vedtak vart fatta:

«Vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering. Styringsgruppa understrekar at bompengar også er eit viktig verkemiddel for å nå nullvekstmålet og er bekymra for den regulerande effekten bompengane har i dag, ettersom biltrafikken aukar. Den aukande elbilandelen fører til lågare inntekter og svekker den finansielle styrken i pakka.

Saka vil bli diskutert vidare etter vedteke NTP.»

Fylkestinget fatta i mars følgande vedtak:

«Fylkestinget samtykker i at bompengepakkar i Vestland kan redusere rabatten for lette nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 på inntil 30 prosent av ordinær takst, både i eksisterande og framtidige bompengepakkar, gitt at prosjektkommunen(ane) gjer tilsvarende vedtak.»

Trafikkutviklinga held fram med å auke, og det er trong for tiltak viss Miljøløftet skal klare å nå nullvekstmålet. Justering av bompengetakstar er del av Miljøløftet si virkemiddelpakke, og tiltaket er venta å ha effekt på trafikkutviklinga.

I Sak 109/23 Bypakke Bergen: Forslag til justering av takstane i Bypakke Bergen, la arbeidsgruppa som utarbeidde moglege tiltak, fram eit forslag til vedtak, som den gang vart utsett.

I samband med denne saka, la Vestland fylkeskommune og Statens vegvesen fram dette forslaget på nytt for prioriteringsrådet. i møte 17. september. Prioriteringsrådet gjorde følgande konklusjon:

Prioriteringsrådet anbefaler Styringsgruppa om å vedta eit alternativ som i størst mogleg grad oppnår den vedtekne gjennomsnittstaksten for å oppnå nullvekstmålet.

Sak 73/24 Eventuelt bypakke Bergen